



Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

## Symfoniorkesteret Fossegrimen

Symfoniorkesteret Fossegrimen har sidan 1981 hatt status som regionalt kulturiltak med Voss som vertskommune. I samsvar med Hordaland fylkeskommune sin musikkplan vart Voss utpeika som distriktsmusikksenter og frå 1986 vart det etablert eit formelt samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune, Voss kommune og Orkesteret Fossegrimen med føremål å realisera dette. Som del av dette vart det etablert ei distriktsmusikargruppe med 3 musikarar. I tråd med avtalen har Fossegrimen sidan utført si rolle som regionalt orkester og har årleg motteke driftsstønad frå Hordaland fylkeskommune, stigande til kr. 211.000,- for 2015.

For 2016 er denne driftsstønaden stroken frå fylkesbudsjettet, utan at orkesteret føreåt er varsla om dette. Grunngevinga skal vera at orkesteret sin regionale profil ikkje er tydeleg nok. Heller ikkje dette er drøfta med orkesteret.

MKU deler ikkje fylkeskommunen sitt syn om at orkesteret sin regionale profil er svekka. MKU i Voss kommune vil difor sterkt oppmoda Fylkestinget, ved fylkesordførar, om å syta for at orkesteret Fossegrimen vert sikra driftsstønad også for framtida slik at orkesteret etter hundre års drift kan halda fram med sin regionale kulturprofil og med føreseielege rammevilkår.

Med helsing  
Voss kommune  
Utval for miljø og kultur

Vidar Skeie  
Utvalsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur